

## **Høyringsuttalelse til utvidelse av oppdrettsanlegg «Eikeberånæ» ved Mundal i Osterfjorden**

### **Ref. 18/2444 – 18/287505**

Viser til søknad om utvidelse av oppdrettsanlegg frå Eide Fjordbruk og EVOS Inovasjon A/S. Det søkes om dobbel kapasitet, men arealet som vert beslaglagt er 3-ganger større enn dagens anlegg, i tillegg til forflåte. Det same med ilar og fortøyningar.

Dette vil leggja beslag på fiskeplassar med line, garn og teiner (havteiner) på heile området frå Nepstad til Leiknes !

På skissa som føl med kan det sjå ut som det «nye» anlegget vil koma lenger inne enn eksisterande anlegg er i dag. **DETTE MÅ IKKJE SKJE!**

Det kan og sjå ut som ein del av dei nye «ilane», spesielt mot aust er tenkt som landfeste dvs 18- 20 m djupt, så her vert det umulig å fiske med snøre også!

Det er og ein badeplass i Mundalstø som vert berørt med forureining!

Eide fjordbruk påstår i sin søknad at Osterfjorden ikkje er ein «terskelfjord», men det er i alle fall mykje smalare mellom Frekhaug og Klauvaneset enn fjordbasenget innafor. Då flytebrua skulle bygjast vart den omtala som ein terskelfjord!

Ein del moment mot utvidelse:

1) På eit møte i regi av Naturvernforbundet på «Dampen» i Knarvik for ca eit år sidan kunne Martin Binde frå Mattilsynet opplyse om at det var kome nye og strengare reglar mht avstand mellom oppdrettsanlegg 3 til 5 km! Fjorden er her ca 2km brei, og på Tepstad på andre sida av fjorden er det eit endå større anlegg (12-ringar). Avstanden mellom desse anlegga vert ca 1km! Kva med smittefaren mellom anlegga?

**NERMARE HALVE FJORDEN VERT STENGT!**

2) Kva med villaks og aure som skal pasera når halve fjorden vert stengt? Fram til slutten av 1970 talet dreiv famelien min (og eg) med fiske etter laks og aure med kilenot og krokagarn. Dette er alt blokert av anlegget som er der i dag, i tillegg til fiskeplassar med line og garn, **NO VIL DEI TA RESTEN!**

3) Frå før er det lagt beslag på fiskeplassar for line, garn og teiner (havteiner). No vert dette området utvida, heilt frå Nepstad til Leiknes! Pga 3-dobling av anlegg og eit «spindeltev» med fortøyningar og ilar på anlegg og forflåte!

4) I Mundalstø er det ein badeplass som er mykje brukt, denne vert berørt spesielt med forureining frå fiskefor (som no er 80% vegetabilis planteolje) og «avføring» frå fisken som no vert dobla!

Blad frå lauvtre, som fell på sjøen no synk ikkje til botn lenger, men bind seg med oljefilmen på sjøen. Når det bles pålandsvind vert dette pressa opp på land i eks Mundalstø i store haugar opp til 1m høge! Før var det tang og tare, no er det lauv.

5) På orienteringsmøte om rullering av komuneplanen i Lindås, på Leiknes Skule 28 aug -18 kom det ikkje fram opplysningar om dette omfattande prosjektet! Fristen for kommentarar til planen var 14 sep-18, ei veke etter denne fristen kom denne «BOMBA» i posten! DEMOKRATI I PRAKSIS !

6) Kva er grunnen til at Eide Fjordbruk vil ha muligheit til å flytta heile produksjonen frå Fyllingsnes til Mundal?

Kan det ha noko med forureining å gjera? Kva er grunnen til at anlegget på Fyllingsnes har vore tomt for fisk i 9 mnd ?

7) På kartet som føl saka og som viser Osterfjorden og fleire oppdrettsanlegg, er ikkje det nye anl på Tepstad som kom for 3-4 år sidan kome med! Dette er i dag eit kjempestort anl med 12-ringar og strekkjer seg langt bort på fjorden.

Her vert det søkt om 6 ringar på 90 meter diameter, men på kartet viser 8 ringar med iler og full pakke? Kva er grunnen til det?

8) Kva med all fisken i området rundt oppdrettsanlegg som ikkje går an å eta pga forurensing og oppdrettsfor? Burde ikkje oppdrettarane vore forplikta til å erstatta og ta i mot denne for «destruering»?

**ER DET IKKJE SLIK AT DEN SOM FORUREINAR HAR EIT ANSVAR??**

**DETTE ANLEGGET MÅ IKKJE KOMA I OSTRFJORDEN.**

Mundal 18.10.18 Øystein Angelskår

